

## Vyrde Klubbar og lag i Sogn og Fjordane Krins av Norsk Bridgeforbund (NBF)!

Vi gler oss til ein ny sesong med hobbyen vår, bridge! Ei viktig utfordring for klubbane er rekruttering. Det er eit felles ansvar for krinsen, den einskilde klubb og det einskilde medlem å få dette til.

### Vi vil ha fleire med i klubbar og lag!

For å få til nyrekruttering, er det viktig å ha gode kurstilbod i klubbane. Treng du hjelp for å setja i gang kurs, kan Herold Kråkenes eller Jan Frode Bolstad gje deg tips. Gløym heller ikkje dei som har vore med før, kanskje treng dei berre å få vita at dei er velkomne tilbake. Om alle prøver å få med seg ein ”ny” medlem, kan du sjølv rekna ut korleis dette vil gå!

Hugs også at det er viktig å følgje opp dei som deltek på kurs. Til dømes at dei erfarne spelarane tek ansvar ved å spele i lag med dei nye.

### Vi vil ha fleire med på turnering!

Vi prøver ein litt ny vri i år, Pangstarten, desse turneringane er meint for dei mindre erfarne spelarane. NB! Alle er velkomne, men har du meir enn ruternål, må du spela med ein som har maks kløvernål. 2 med ruternål kan spela med kvarandre (eller folk med færre poeng), medan dei med kløvernål eller utan nål, kan spela med kven dei vil. Dei første turneringane er planlagt 24.10, vi sender ut meir opplysningar når alt er avtalt med arrangørar.

Vi set opp nokre ekstra gåvepremiar i kvar sone som arrangerer.

Vi voner at denne type turnering skal være eit springbrett for dei mindre røynde spelarane til å også melde seg på dei litt større turneringane. Og for å være eit tilbod der mindre røynde spelarar faktisk kan hevde seg og hente poeng.

Ta kontakt med krinsen innan 01.02.11 dersom klubben ynskjer å arrangere Pangstart våren 2011. Krinsen hjelper med kunngjering på heimesider, facebook, og med epost til alle klubbar i krinsen. Vi kan hjelpe til med å få tak i turneringsleiar, vi ordnar kortfiler. Og vi vil sjølvstøtt hjelpe til om det er andre ting arrangørklubb treng hjelp til.

### Vi treng rett info frå klubbane!

For at vi skal senda info til rett stad, må vi ha oppdaterte opplysningar frå alle klubbar / lag. Ein del viktige fristar:

| Kva                                | Frekvens/ kommentar  | frist                                     | Send til:                      |
|------------------------------------|--|---|--------------------------------|
| Kontaktinfo klubbstyre             | Årleg, eller ved endringar   | 1.6.                                      | Leiar/sekretær                 |
| Årsmelding/årsrekneskap            | Årleg  | 1.6.                                      | kasserar                       |
| Medlemsinfo:                       | Ved endring, og minst ein gong i året. Medlemsinfo er grunnlag for innkrevjing av kontingent.  | 31.10                                     | NBF                            |
| Søknad om Forbunds-poeng           | (kan søkja heile året, men utanom fristen må ein tilpassa seg alle andre som er tildelt poeng) | 20.5., Krinsen sender vidare til NBF 1.6. | Turnerings-ansvarleg i Krinsen |
| Lag til divisjon (seriemesterskap) | Stadfeste lag 1.-3.div<br>Melde på lag til 4.div   | 25.9.                                     | Turnerings-ansvarleg i Krinsen |

|            |  |        |                     |
|------------|--|--------|---------------------|
| Lag til NM |  | 1.10   | <a href="#">BTS</a> |
| Økonomi    | Klubbar og lag skal uoppfordra betale påmeldingsavgifter for deltaking i turneringar i krinsen eller NBF sin regi ved påmelding eller snarast råd etter turneringa. Kontonummer som skal nyttast er 3720.14.91143 Kontonummeret finst og på krinsen sine heimeside |        | kasserar            |
|            | medlemskontingent  | 30.11. | NBF sentralt        |

I samband med kva som alltid skal sendast krinsen syner vi til NBF sin vegvisar. ”Veiviseren” skal vera sendt alle klubbar, men er og å få tak i som pdf-fil på:

<http://www.bridge.no/var/fckeditor/bridgeno/file/PDF/Veiviseren/Veiviseren.pdf>, sjå spesielt side 141.

Nærstående aktivitetar: Terminlista slik ho ser ut pr dato følgjer vedlagt. Denne ligg og på Krinsen si heimeside. Lista vert oppdatert fortløpande. Sjekk <http://bridge-sfj.org/> Du kan sjølv leggja ut info til andre bridgespelarar, om du blir med på [facebookside](#) vår, Vi i styret understrekar at facebookside ikkje er meint å være ei erstatning for krinsen si heimeside, men eit supplement. Viktig informasjon vil verte å finne på krinsen si heimeside.

Om du ynskjer at vi skal leggje til lokale arrangement på krinsen si heimeside, eller anna info, ta kontakt med webansvarleg Torbjørn Pedersen.

### Støtte frå Krinsen

Det hender at klubbar og lag treng støtte til ulike tiltak. Både i form av informasjon og pengestøtte. Ta kontakt, helst på e-post, om det er noko, og vi vil hjelpa så godt vi kan. Når det gjeld pengestøtte, kan vi gje delvis støtte til materiell til rekrutteringstiltak, eventuell reisestøtte, kursstøtte mv. Vi har ikkje høve til å finansiere heile kostnaden til dei ulike tiltaka, men kan gje litt støtte om vi finn dekning i budsjettet.

På Krinsen sine heimesider ligg det og lenker til materiell de kan lasta ned. Gje melding om det er noko de saknar. Sjå <http://www.bridge-sfj.org/nedlast.html>

Vi i det nye styret er:

|                               |                   |          |  |
|-------------------------------|-------------------|----------|--|
| Leiar                         | Gunn Angelskår    | 94487187 | <a href="mailto:gunn.angelskar@eninvest.net">gunn.angelskar@eninvest.net</a>       |
| Kasserar                      | Kai Lille-Homb    | 41530930 | <a href="mailto:kai.lille-homb@sfj.no">kai.lille-homb@sfj.no</a>                   |
| Turneringsansvarleg           | Torbjørn Pedersen | 99503806 | <a href="mailto:torbjorn.pedersen@eninvest.net">torbjorn.pedersen@eninvest.net</a> |
| Sekretær                      | Hege Kristiansen  | 47469631 | he.kris@hotmail.com  |
| Organisasjonsansvarleg        | Jan Frode Bolstad | 97540906 | <a href="mailto:janfrode@ntp.no">janfrode@ntp.no</a>                               |
| Ungdomskontakt / rekruttering | Herold Kråkenes   | 41009817 | <a href="mailto:heroldius@hotmail.com">heroldius@hotmail.com</a>                   |

Vi ynskjer alle klubbar og spelarar ein riktig god bridgehaust med mange gode bridgeopplevingar.

Gløym ikkje – vi i styret vert berre så gode som de gjer oss til. Så ta kontakt om det er noko vi kan hjelpe til med!

Helsing styret